

Holtlia – Holtlien (gnr. 70)

Holtli: Gardnamn der første leden kjem av holt, steingrunn tilvekse med småskog. Namnet er elles blant dei mange der dativforma i bygdemålet har vorte nemneform.

Jordbruket Holteli er i 1668 matrikulert under Langset, men var da bondegods som tilhørde Jens Hansen. Landskylda av bruket var ½ hud, og plassen var altså eit heller stort underbruk under ein annan gard. I 1685 hadde Ragnhild Hansdatter, søster til Jens Hansen, hatt ”4 skind gods i Holtelien i Faaberg;” men ho selde da dette godset til broren.

I matrikkelframlegget av 1723 er det fortalt at Holtli framleis låg under Langset, og slik må det og ha vore i dei nærast etterfølgjande 50-60 år. Truleg var Holtlia frå først ei stor slåtteeng. Men frå 1765 budde det i allfall folk i Holtlien. Ein kan seia det visst fordi det da var dåpsbarn der. Dåpsbarnet var ei jente som fekk namnet Anna, og foreldra heitte Kristen og Marit. Frå same året er elles eit tinglyst dokument som her er av betydning: Peder Christensen Langset gav da skjøte til Christen Olsen Mælum og Lars Engebretsen Gaarder på plassen Holtlien av skyld 6 skinn, altså det same bruket som er omtala i 1665. Kjøpesummen for det omhandla Holtlien var da 300 rd. Det går elles fram av skjøtet at seljaren Peder Langset var svoger med dei to kjøparane.

Frå denne tid er og ei sak som i grunnen gjev mange opplysningar om Holtlia og folket der. Saka er elles i ei utskrift av tingboka referert slik:

”Holtlien i Faaberg. Faaberg 17. juni 1766.

Prok. Holst har som aktor efter Amtets ordre innstevnt Holteliens oppsiddere Christen og Peder Langset m.fl. ang. deres voldsomhet mot Ole Christensen Tamburs rydningsboel, hvorved de har barkeflådd 215 trær på roten og for fote nedhugget skogen, alt i anledning av general forst amtets skrivelse til Amtet av 29. nestforhen, følgelig distriktets holt førsters optellingstaksation, arrest og auktionsforretning. Efter sr. Holts forlangende utsettes saken til neste ting.

Fåberg 9. okt. 1766.

Efter aktors forlangende utsattes saken til vårtinget, til hvilken tid sakens parter, Peder Langset, Christen Olsen og Laes Engebretsen samt vidnerne forelegges å møte.

Fåberg 16. febr. 1767.

Prok. Holst, efter Amtets ordre, kontra Christen og Peder Langset m. fl. ang. voldsomhet mot rydingsmannen Ole Christensen Tambur. Parterne meldte at de var kommet til enighet om en mindelig Rettelse og begjærte utsettelse i påvente av øvrighetens approbation. Eraktet: Saken utsettes til sommertinget, til hvilken tid også vidnerne og de angrendsende har at innfinne sig.

Fåberg 18. febr. 1763.

Prok. Holst efter amtets ordre kontra Holteliens oppsiddere, Christen og Peder Langset m. fl. Dom: det er ikke bevist at de innstevnte, Peder Christensen Langset, Christen Olsen og Lars Engebretsen er skyldig i hva de er siktet for. Det eneste som er fremkommet mot dem er en arrestforretning av 22. jan. 1766, som er holdt av holtførsten og som kun inneholder barkeflåing og vedhugst. taks. for i alt 2 rd. 2.12. dette åvirke er ikke foretatt i almindingen, men i de innstevntes sameiendom Holtelien under Langset. Ole Christensen Tamburs klage, som han ubeføiet har igjenkaldt, må ansees som en privat sak, hvorom vedkommende har blitt forenet. se innstevnte blir frifunnet for aktors tiltale i denne sak.”

Ja, det var altså den sak. – La oss med det same ta med ei kontrakt mellom dei to brukarane i Holtelien dat. 8. okt. 1772. Saka har i utskrift denne ordlyden:

Holtlien. Kontrakt dat. 8. okt. 1772 tgl. s. d. Imellem Lars Engebretsen på den ene og Syver Christensen på den anden side, begge boende på gården Holtlien i Fåberg. Da de til sammen eier gården Holtlien av skyld 6 skind, så har de delt mellem sig således: At Lars Engebretsen har den nordre halvdel og Syver Christensen den søndre del, og de skal holde halvdelene hver av utgjerdene, og den ene skal ikke før den anden slippe kreaturene i de jorder som de har felles. Ifald en av dem skulle fornærmes ved det den anden gjerdet eller slo høy utenfor sine grenser, skal den som sådant gjør, betale skaden dobbelt.”

Etter atter 10 år var det i 1782 brukarskifte i Nordre Holtlien. Lars Engebretsen skjøta da garden til Peder Skårset, og kjøpesummen ved handelen var 150 rd. Samtidig lånte kjøparen 150 rd. av enkja Marit Boleng mot årleg rente 4 % og 1 pr.pant i ”sine eiende 3 skind i gården Holtlien i Fåberg prestegjeld tillikemed alt sit løsøre.” I dei næraste åra etter vart det så handla fleire gonger med Holtlien nordre, men i 1793 hadde Ole Olsen Storbakken tatt over i Holtlien nordre.

Syver Christensen brukte sitt Holtlien søre til i 1794. Da skjøta han garden til sonen sin, Arne Syversen. Frå denne tid er atter ein strid mellom grannane om bruken av sameiga som låg til gardane. Særleg gjaldt det denne gongen det sameigeområde som vart kalla Skougfjordingen. Ei utskrift av saka har elles denne ordlyden:

”17. juni 1796.

En kontrakt mellem oppsiderne i Skougfjordingen ang. forholdet med hensyn til hugst i deres gårders sameie. Ved dette dokumentets tinglysning lot Ole Olsen Holtlien, Arne Syversen Holtlien, Halvor Larsen Roterud og Joen Poulsen Sollien nedlegge sin kraftigste protest imot dets gyldighet, da det indeholder en utelukkelse fra å benytte den under deres gårder hørende sameie. Kontrahenterne har formodentlig ikke vist at felles samtykke var nødvendig hvis dokumentet skulde være gyldig, og de hadde ikke rett til å utelukke de til fellesskapet henhørende lemmer.”

Dei karane det her gjeld, greide seg elles godt i dei sakane dei førde.

Ved folketellinga i 1801 i søre Holtlien 2 familiar og i nordre Holtlien 1. familie. Det var: a. i søre Holtlien: 1. familie: Arne Syversen, husbonden, 34 år, 2. Guro Arnesdtr., kona hans, 34 år, 3. Anne Arnesdtr., dotter deres, 5 år, 4. Ingeborg, dotter deres, 4 år, 5. Sidsill, dotter deres, 2 år. 2.familie: 1. Syver Christensen, far til husbonden, føderådsmann, 68 år, 2. Ingri Arneddtr., kona hans, 67 år. b. nordre Holtlien 1 familie, nemleg: 1. Ole Olsen, husbonden, 40 år, 2. Beret Syversdtr., kona hans, 36 år, 3. Ole Olsen, son deres, 16 år, 4. Goro Olsdtr., dotter deres, 7 år, 5. Berthe Olsdtr., dotter deres, 3 år, 6. Kari Christensdtr., faster til kona, 64 år.

Arne Syversen var framleis brukar i søre Holtlien i 1819. Det er da opplyst at buskapen hans av store husdyr var 1 hest, 8 naut, og den årlege kornavlinga utgjorde kring 15 tønner. I Holtlien nordre hadde det atter vore brukarskifte, og garden var da overtatt av Jens Erlandsen, som enda hadde ein buskap av større husdyr på berre 3 naut, og den årlege kornavlinga var tilsvarande ca. 4 tønner.

Arne Syversen hadde Holtlia søre til i 1827. Da skjøta han garden til eldste sonen, Arne Arnesen, som enda var berre 18 år. Etter det levde Arne Syversen i 2-3 år, og den 3. desb. 1831 var det avsluttande skifte etter han. Ved dette skiftet vart det opplyst at Arne Syversen i alt hadde 7 born. Det var forutan dei 2 døtrene som er nemnt i manntalet av 1801, to døtre til, nemleg Marte, som da var 31 år, og Kari, som var 26 år. Dessutan var det sønene Arne, 21 år,

og Simen, 17 år. Det er vidare fortalt at dottera Sissel da var gift med overjeger Krogsgård, og dottera Anne var gift med Engebret Larsen.

I Arne Arnesen si brukartid var i 1838 ei ny matrikulering av dei norske gardane. Holtlien sørre fekk da nytt løpenr. 202 og ny matr.skyld 2 skylddalar 2 ort 20 skilling, og Holtlien nordre fekk løpenr. 203 og ny skyld 4 ort 7 skilling. Erland Jensen var framleis brukar her i Holtlien nordre, og Arne Arnesen var framleis brukar i sørre Holtlien.

Av 1861 er ei tinglyst kontra der Arne Arnesen i sørre Holtlien bortforpakta eit stykke på 3 rælingar av sørre Holtliens hamnehage til Ivar Pedersen v/Langset for eit tidsrom av 20 år mot ei årleg avgift av 6 spd. m.v. – Fem år seinare var det i 1866-67 utskifting av sameigeskog ved Nordsetra og Kvandalen.

I Holtlien nordre (og kalla ”øvre”) hadde i 1817 Svend Olsen gitt skjøte til Jens Erlandsen på 1 ½ skinn skyld. I 1833 selde så Jens Erlandsen bruket vidare til Erland Jensen, som hadde Holtlia nordre til i 1839.

I samband med folketellinga og jordbrukstellingane i 1865 vart det publisert fleire nyare opplysningar om gardane. Der er det om Holtli-gardane fortalt at i Holtlien sørre var det samla jordbruksareal av åker, eng og seterlykkjer da 149 mål, og av dette var 36 mål jord av 1. klasse. Samtidig var dei tilsvarande tal for Holtlien nordre: 55 mål og 17 mål. Vidare er om husdyrhald og utsæd gitt dei opplysningane at i Holtlien sørre med 1 husmannsplass var husdyrhaldet tilsaman 2 hestar, 10 storfe og 26 småfe, og den årlege utsæden var 7-8 tønner korn og 5 ½ tn. settepoteter. I Holtlien nordre utgjorde buskapen 1 hest, 6 storfe og 8 småfe, og den årlege utsæden var 2 ½ tn. korn og 2 tn. settepoteter. – To år seinare var det i 1867 skyldsetningsforretning i Holtlien, og ein del av garden kalla Langsethaugen vart da fråskilt og fekk eiga matr.skyld 5 skill. Samtidig gav kona Christine Eliasdtr. Holtlien ved verge Christian Skjeggstad skjøte på det fråskilte bruket Langsethaugen til ”Stadshauptmand Oluf Adelsteen Onsum af Christiania” for kjøpesum 180 spd. Oluf Onsum hadde Langsethaugen til i 1883. Da selde han den v/sakfører Hansen vidare til Ole Røslie for kr. 500,-. To år seinare vart i 1885 to andre parsellar, Holtliengen og Holtlihaugen, fråskilt sørre Holtlien; den 1. vart skyldsett til 2 ort 17 skill., og den 2. til 1 ort 12 skill. I denne tid gav og enka etter Arne Arnesen Holtlien, fru Kristine Amundsdr., skjøte til Ole Eriksen Finsrud på grd. Holtlien sørre, for kjøpesum 5800,-. Med i handelen var da lausøyre for kr. 400,-.

År 1886 kom den lenge førebudde nye norske matrikkelen, og gardane fekk da nye gards- og bruksnummer og ny matr.skyld rekna i mark og øre, og slik at det var 100 øre i 1 mark. – Holtlien i Fåberg fekk da gardsnr. 70 av samla skyld 6,83 mark, og det var da 4 bruksnr. under gardsnr. 70 Holtlien. Det var: a. Grn. 70 brn. 1 Holtlien søndre av skyld 3,65 mark, som Ole E. Finsrud da var brukar og eigar av, b. brn. 2 Langsethaugen, skyld 0,07 mark, som Ole Røyslie åtte ell. brukte, c. brn. 3 Engen, skyld 0,90 mark, eigar ell. brukar Even Homb, d. brn. 4 Holtlien nordre, skyld 2,21 mark, eigar og brukar: Erland Jensen.

Etter atter 6 år gav i 1892 Ole Eriksen Holtlien, son han da er kalla, skjøte til Erik A. Skaug på gnr. 70 brn. 1 og 5 Holtlien sørre med Holtlihaugen for tilsm. kr. 4100,-. Erik Andersen Skoug hadde desse eignedomane til i 1899. Da selde han dei vidare til Hans Finsveen for kjøpesum kr. 5800,-.

Etter ajourført artikkel av 1904 var det skjedd dei skifte at brn. 2 Langsethaugen var overtatt av Edvard Simensen for kr. 300,- og brn. 4 Holtlien nordre var overtatt av Edvard Simensen for sum kr. 2000,-.

Frå tre år seinare går det fram at det ved heradstyrevalet for Fåberg var 5 veljarar i Holtlien som da hadde komm. røysterett. Det var: 1. Hans Simensen, føderådsmann, 74 år, 2. Johannes Fransen, gardbr., 34 år, 3. Pauline Mathiasdtr., kona til Johannes, 31 år, 4. Edv. Simensen, gardbr., 39 år, 5. Sina Hansen, kona til Edvard, 37 år.

Av handlar i seinare år med Holtli-gardane tek vi elles med at Johannes Fransen Tollevrud i 1906 hadde kjøpt grn. 70, brn. 1 for kr. 5500,-. I 1907 kjøpte kjøpmann O. Borgen brn. 6 Holtlien sæter av skyld 0,05 mark, og Lillehammer Avholdslag kjøpte i 1931 brn. 7 Kikut av 0,01 mark.

Ved jordbruksregistreringa i 1939 var det under grn. 70 Holtlien likevel berre to bruk som da hadde eit jordbruksareal av åker, eng og hage på meir enn 10 mål (da). Det var: a. Grn. 70, brn. 1 Holtlien med eit jordbruksareal på ca. 70 mål, og da med Magnus Holtlien som eigar og brukar, b. Grn. 70, brn. 3 Engeset, areal ca. 40 mål, eigar og brukar: Syver Svensrud.